

## Referat møte i Cittaslowrådet, torsdag 12.12.19

Desse møtte:

Frå Ulvik herad: Thore Hopperstad

Hege Nielsen Børve

Frå landbruk: Stein Olav Kolås

Frå kultur: Geir Netland

Frå Slowfood Hardanger: Jorid Lekve Eide

Frå undervisning: Produksjonsskulen v/ Håkon Gjerde

- Gjennomgong og oppdatering av medlemmane i Cittaslowrådet 2020.  
Innspeil til nye medlemmar: Hardanger Panorama Lodge og Siderruta
- Alle medlemmar bør ha ein vara. Dette fikser medlemmane sjøl og melde namn og epost inn til sekretær. Hege sender innkalling og referat også til varamedlemmane.
- Presentasjon av årshjul  
Gjennomgong og oppdatering av kva me tek med inn i årshjulet.  
Alle medlemmar sender inn 2 forslag kvar som bidrag til årshjulet.  
Mange gode innspel kom fram på møtet, t.d.; Værslå, innsamling av landbruksplast, Pil & bogeklubben si årlege helg i Holmen, Poesifestivalen, Sidersleppet, Kvasshovden Opp.
- Ulvik herad ønskjer at Cittaslowrådet arbeidar vidare med benkar og fontene i sentrum. For smidigare gjennomføring av desse og framtidige prosjekt, er det ønskeleg med endring i framgangsmåte. Cittaslowrådet konsekvensutgreiar prosjekta, og sekretæren lagar eit saksframlegg til heradsstyret.  
Produksjonsskulen vil sjå om dei kan lage benkane. Håkon tek dette vidare og rapporterar til rådet på neste møte, 28 januar.
- Val av leiar vart utsett til januar-møtet. Framover ligg dette i årshjulet som ein fast post i siste møte før jol.
- Vedtektene: Her er trong for ein gjennomgong. Vert no lagt til januarmøtet. Me vart einige om at også gjennomgong av vedtektene skal vere ein fast post siste møte før jol.
- Innspeil frå Jorid: Finst det moglegheiter for at Ulvik Omsorgstun lagar skulemåltid?  
Me undersøker og tek opp tråden på neste møte.

Vedlegg:

Oppdatert medlemsliste Cittaslowrådet 2020 (Nesten ferdig)

Årshjul 2020

Referent:

Hege Nielsen Børve